



## Saksframlegg

Sakshandsamar	Arkiv	JournalpostID
Marit Magdalene Schweiker	K1 - 140	18/9938

Saksnr	Utval	Dato
064/18	Kommunestyret	19.12.2018

### Kommuneplan for Finnøy kommune 2019-2029 samfunnsdel endeleg godkjenning

Vedlegg

1. Kommuneplan Samfunnsdel – til endeleg vedtak

#### **Forslag til vedtak frå rådmannen:**

Kommuneplan 2019-2029 – Samfunnsdel vert vedteke slik han ligg føre i tråd med endringsforslaga frå forvaltningsstyret og formannskapet etter høyring og offentleg ettersyn.

Finnøy 29.11.2018

Karin Dokken Austvik  
rådmann

#### **Kommunestyret 19.12.2018:**

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

#### **KST- 064/18 VEDTAK:**

**Kommuneplan 2019-2029 – Samfunnsdel vert vedteke slik han ligg føre i tråd med endringsforslaga frå forvaltningsstyret og formannskapet etter høyring og offentleg ettersyn.**

#### **Saksopplysningar**

Kommunestyret vedtok i møte 05.09. 2018 (sak KST-038/18) utkast til ny kommuneplan for Finnøy kommune 2019-2029 – samfunnsdel. I tråd med plan- og bygningsloven (§11-14) vart forslag til kommunens samfunnsdel sendt på høyring og lagd ut til offentlig ettersyn, kunngjort i Øyposten og

gjort tilgjengeleg på kommunen sine sider. Høyringsfrist var 10. september - 26. oktober 2018. Det kom i alt inn 10 høyringssvar. Vi fekk konkrete innspel frå Fylkesmannen, Rogaland Fylkeskommune, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Lyse Elnett AS og Greater Stavanger. Statens Vegvesen og Opplysningsvesenets fond hadde ingen merknadar. Stavanger kommune gav ingen eigen uttale, men viser til pågåande felles arbeid med samfunnsdel og felles planstrategi for Nye Stavanger og inviterte rådmannen til å presentere kommuneplanen i Fellesnemnda for Nye Stavanger.

Rådmannen la fram forslag til revidert samfunnsdel etter vurderingane av innspela og ei liste over alle innspel med kommentarar frå rådmannen. Ved sidan av nokre mindre tekstendringar føreslo rådmannen å ta inn eit nytt avsnitt om fiskeri (kapittel 7.1), eit nytt avsnitt om kulturarv og kulturlandskap (kapittel 8.1) og eit par fleire tiltak under ulike kapittel i avsnitta «slik vil vi gjere det». Forvaltningsstyret som styringsgruppe gjorde nokre få endringar i forhold til rådmannen sitt forslag (FOR 106/18) som formannskapet slutta seg til i si handsaming av saka i FSK 089/18. Det føreliggjande tekstdokument har innarbeidd desse endringsforslaga frå forvaltningsstyret og formannskapet.

### **Vurdering**

Generelt fekk høyringsutkastet brei støtte, men det kom inn nokre anbefalingar som gjeld samfunnsdelen og særleg vidare arbeid med arealdelen.

Mest omfattande var innspela frå Rogaland Fylkeskommune som er positiv til teksten men etterlyser fleire tiltak og detaljar. Rådmannen tilrår å integrere fleire av dei faglege innspela frå Fylkeskommunen sin administrasjon i samfunnsdelen, men viser til andre planar og måter til oppfølging der forslaga vurderast for detaljert. For samfunnsdelen er meint å vere på eit nokså overordna nivå. Rådmannen understrekar også at det er kommunepolitikarane som skal ta politiske vurderingar for kommunen.

Fylkesmannen var spesielt oppteke av lansiktheit og balansen mellom bruk og vern og kom med fleire nyttige anbefalingar til oppfølging i arealdelen.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtek Kommuneplan 2019-2029 – Samfunnsdel slik han ligg føre, i tråd med endringsforslaga frå forvaltningsstyret og formannskapet etter høyring og offentleg ettersyn.